

Protokoll frå telefonstyremøte i Helse Vest RHF

Tid: 23.03.2012

Møtestad: Helse Vest RHF Stavanger / telefonmøte

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Oddvard Nilsen	Styreleiar
Aud Berit Alsaker Haynes	Nestleiar
Ohene Aboagye	Medlem
Gerd Dvergsdal	Medlem
Sveinung Stensland	Medlem
Torill Selsvold Nyborg	Medlem
Olin Johanne Henden	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem
Reidun Nyborg Johansen	Medlem
Aslaug Husa	Medlem
Kjartan Longva	Medlem
Tom Guldhav	Medlem

Forfall frå styret

Deltakarar frå administrasjonen

Administrerende direktør Herlof Nilssen
Eigardirektør Ivar Eriksen
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Torunn Nilsen referent

Sakliste

B 037/12	Godkjenning av innkalling og dagsorden
B 038/12	Høyring - forslag til endringar i lov om helseføretak
B 039/12	Sal av eigedomane Finnebrekka 28, Finnebrekka 29 og Finnebrekka 31 i Os kommune

B 037/12 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Forfall:

Det var ingen forfall til møtet.

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

B 038/12 Høyring - forslag til endringar i lov om helseføretak

Oppsummering:

Dei forslaga til endringar i helseføretakslova som er sendt på høyring er basert på erfaringar med helseføretaksmodellen og handlar i stor grad om kodifisering av praksis slik den har utvikla seg i løpet av dei siste ti åra. Det er blitt gjort endringar i modellen utan at det har vore nødvendig med lovendringar, til dømes krav om opne styremøte. Departementet gjer tilråding om at desse endringane blir tekne inn i lova slik at lova sjølve gir eit meir heilskapleg bilete av helseføretaksmodellen. I tillegg blir det gjort framlegg om å utvide dei organisatoriske valmoglegheitene som det i praksis har vist seg behov for, til dømes opne for ein meir omfattande bruk av helseføretak som alternativ til ansvarleg selskap og aksjeselskap. Høyringsnotatet inneheld også tilråding om i større grad å synleggjera den nasjonale styringa av spesialisthelsetenesta i helseføretakslova.

Dei regionale helseføretaka har samarbeidd i arbeidet med å utarbeide høyringssvar og på denne bakgrunn er utkastet til høyringssvar utarbeidd på bokmål. Dei endelege framlegg til uttale er likevel blitt noko forskjellige. Dette har ikkje si årsak i usemje med omsyn til dei problemstillingane som høyringsnotatet tek opp, men er meir utslag av noko ulikt syn på kva form og omfang høyringsuttalen bør ha.

Stemmeforklaring:

Dei tilsettvalde styremedlemmene Lise Strømme, Reidun Johansen, Tom Guldhav og Aslaug Husa, viser til høyring av avgitt av dei tilsette sine organisasjonar nasjonalt.

Vedtak (samrøystes):

Styret slutta seg til vedlagte forslag til høyringssvar frå Helse Vest.

B 039/12 Sal av eignedomane Finnebrekka 28, Finnebrekka 29 og Finnebrekka 31 i Os kommune

Oppsummering:

Helse Bergen HF ønskjer å selje eignedomane Finnebrekka 28, Finnebrekka 29 og Finnebrekka 31 i Os kommune. Eignedomane er tidlegare nytta for langtid døgnbehandling av born og unge innan psykiatrien. I juni 2008 blei drifta ved eignedomane avvikla og deler av tenesta blei flytta over til Haukeland universitetssjukehus. Tilbodet om langtid døgnbehandling blei dermed oppretthalde og drifta blei betre knytt opp mot eksisterande barnepost på Haukeland.

Eignedomane stod frå hausten 2008 til slutten av 2009 tomme da Helse Bergen ikkje kunne nytte lokala til eiga drift. Dei er i dag utleigd, og det ligg ikkje føre langtidsplanar for Helse Bergen som tilseier at eignedomane vil bli nytta seinare år. Administrerande direktør tilrår at det blir gitt tilslutning til sal av eignedomane.

Helse Bergen har vore i dialog med Os kommune, som ikkje ønskja å kjøpe eignedomane.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret sluttar seg til sal av eignedomane Finnebrekka 28, Finnebrekka 29 og Finnebrekka 31 i Os kommune i tråd med vedtak gjort av styret i Helse Bergen HF i styremøte 24. januar 2012.
2. Styret føreset at eignedomane blir lagt ut for sal på den opne marknaden.
3. Det blir gjennomført føretaksmøte i Helse Bergen HF for endeleg godkjenning av sal av bustadane

Ref. Torunn Nilsen
23.03.2011

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Aud Berit Alsaker Haynes
Nestleiar

Ohene Aboagye

Gunnar Berge

Gerd Dvergsdal

Sveinung Stensland

Torill Selsvold Nyborg

Olin Johanne Henden

Lise Karin Strømme

Tom Guldhav

Reidun Nyborg Johansen

Aslaug Husa

Kjartan Longva